



Jenter 13 vann kvartfinalen i B-sluttspelet. (Foto: Janne Yri)

Jenter 13 med fire uskedelinger på laget vann kvartfinalen over Falkeid i B-sluttspelet med 2-1 etter imponerende innsats i ein spennande kamp i dag (torsdag). I semifinalen fredag skal dei møta Snøgg frå Notodden. Uskedelingane er Katrine Yri Røssland, Anne Marthe Zimmer, Karoline Isdal Amundsen og Kari Bråtun.

Det tok litt tid før eit noko famlande Rosendal kom inn i oppgjeret og Falkeid tok leiinga etter fem minuttar. Fleire mål vart det ikkje i første omgang, men i 2. omgang tok Rosendal skikkeleg tak i kampen.

1-1 vart det etter kontant spel av Regina Albrethson. Det vart eit reint bombardement av Falkeid-målet ut gjennom 2. omgang,

Falkeid fekk straffe etter første angrep i denne omgangen, men skotet gjekk i stolpen og returen vart redda.

Like etter var det Rosendal sin tur til å få straffe.

Den gjekk først i mål, men dommaren fekk ikkje med seg at ballen passerte mållinja. Straffeskytaren var heldigvis frampå og fekk putta ballen i mål og dermed hadde innsatsen til jentene i 2. omgang skaffa avansement til semiifinalen.

Nettavisen til Rosendal Turnlag skriv at ingen andre Rosendal-lag nokon gong har nådd så langt i B-sluttspelet i Norway Cup.

Av Ola Matti Mathisen